




«Åpenhetsloven» - Utreiing for 2025

Det vert her gjort greie for vurderingar som er gjort for Energiselskapet Hardanger og dotterselskap knytta til krav stilt i «Åpenhetsloven» for rekneskapsåret 2025.

1. Organisering

Energiselskapet Hardanger er organisert som eit konsern med morselskapet Energiselskapet Hardanger AS, og dei heileigde dotterselskapa Hardanger Energi AS, Indre Hordaland KraftNett AS. Hausten 2022 vart også breibandselskapa Kinsarvik Breiband AS og Okapi AS kjøpt opp av morselskapet. I 2023 vart desse to selskapa fusjonert under navnet Hardanger Energi Breiband AS. I desember 2024 overtok konsernet også alle aksjane i Kvamnet AS. For 2025 er difor organisasjonsmodellen slik:



I det vidare vert difor breibandselskapa omtalt som «Hardanger Energi Breiband AS. Konsernet eig også 50% i Hardanger Breiband AS, 50% i Teltech AS, og er deleigar (40%) i Reisæter Kraftverk AS.

Arbeidet med menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve, er forankra i konsernet sine etiske retningslinjer, som bygger på kunnskapen om at det er ein positiv samanheng mellom god etikk og resultat til selskapa.

2. Forretningsområde

Hovudverksemdene til konsernet er produksjon, overføring og omsetting av elektrisk kraft, samt utbygging og drift av fiber- og radiobaserte nettverk.

Energiselskapet Hardanger og Hardanger Energi har hovudkontor i Kinsarvik i Ullensvang kommune. Indre Hordaland KraftNett har avdelingar i Jondal, Ulvik og på Utne. Hardanger Energi Breiband har avdelingar i Kinsarvik og Eidfjord. Kvamnet er lokalisert i Nordheimsund i Kvam herad.

3. Tilhøve til 3. partar

Energiselskapet Hardanger er ein stor innkjøpar av varer og tenester lokalt i kommunane me opererer i, men kjøper også varer og tenester nasjonalt og internasjonalt. I rekneskapsåret hadde konsernet tilhøve til nærare 300 leverandørar, frå små lokale selskap, til store internasjonale konsern. Det er henta inn erklæringar og vurderingar frå nokon av dei største leverandørane våre.

Leverandørane var i 2025 fordelt som fylgjer:

Selskap:	Største leverandørar:
Mor	IT-tenester, Bank, Forsikring, juridisk, drift av bygningsmasse
Hardanger Energi	Energikjøp, IT, tekniske tenester, maskiner og utstyr
IHK	Entreprenørar, IT, teknisk utstyr, leverandørar av materiell
HEB/Kvamnet	Entreprenørar, IT, teknisk utstyr, innhaldsleveransar

4. Særlege risikoområde

Vurderingar kring aktsomheit har for 2025 ikkje avdekka faktiske negative tilhøve hjå leverandørar, men det er avdekka risiki for negative konsekvensar.

Hardanger Energi sine leverandørar er norske og vest-europeiske. I mange høve har ein vore på synfaring på fabrikkar og har fått godt innblikk i arbeidsforholda. I anbudsdokument vedk. utbyggingsprosjekt er det kvalitetskrav knytt til økonomiske forhold og HMS. Ein har oversikt over leverandørar, underleverandørar og kvar enkelt tilsett hos desse som arbeider på selskapets byggeplassar. Risiko for negative konsekvensar i høve openheitslova er vurdert som låg.

Breibandselskapa har risiko eksponering knytt til leverandørar av materiell og produkt nytta i leveransen av breiband, samt innleigde entreprenørar. Dette gjeld særskilt maskinvare og verktøy og som er produsert i land der grunnleggande respekt for menneskerett står lågare enn i Noreg. Den største delen av innkjøp i breibandselskapet går gjennom store og anerkjende norske leverandørar, men der

opprinnelsen til produkta gjerne er i Asia. Det vert vurdert at det er ein viss risiko for negative konsekvensar i høve openheitslova.

IHK har risiko knytta til underleverandører og entreprenører ifm. lønn, ansettelsesforhold og arbeidsforhold. I tillegg føreligg det risiko ifm. materiell produsert i eller med råmaterialar fra lavkostnadsland. Herunder spesielt frå land der grunnleggande respekt for menneskerett står lågare enn i Noreg. For materiell med lang verdikjede kan dette vera utfordrande å gjera reide for. I all hovudsak gjennomfører IHK innkjøp frå store og anerkjente leverandørar i Noreg, mykje gjennom innkjøpssamarbeid saman med andre nettselskap. Risikoen for negative konsekvensar i høve openheitslova vert vurdert som låg.

5. Varslingskanalar

Brot på våre etiske retningslinjer kan rapporterast direkte til dagleg leiar i konsernet, eller til styreleiar. Brot skal også registrerast anonymt i internkontrollsystemet til konsernet.

6. Vidare arbeid

Konsernet samarbeider med andre selskap om rammeavtalar og anskaffelsar. Riskovurderingar knytta til aktsomheit andsynes menneskerettar og anstendige arbeidsforhold vil verta sentralt i dette samarbeidet. For å redusere risiko ytterlegare vil ein konkretisere forhold nevnt i openheitslova i alle kontraktar framover.

I 2027 vil Hardanger Energi AS starta bygging av nye Tysso kraftstasjon i Ulvik Herad. IHK vil i 2026 starta arbeidet med fleire større trafo-anskaffelsar. Arbeidet med fokus på løns- og arbeidsvilkår hjå leverandørar held fram.